

## Eivind Fredlaus sin gøymestad i Leveld

Følg fylkesvegen vestover frå Leveld skule. Ta inn på Kvednavegen til venstre og gjennom bustadfeltet i Gunnarhaugen. Gå Kvednavegen, og følg så lysløypetraseen over Votna. Ta til venstre i krysset og følg løypa vidare rundt. Der løypa svingar nedover, går ein i staden om lag 100 m i vestleg retning til steinstugu der Eivind Fredlaus budde når han var nedi bygda. Tre av veggane i det firkanta rommet er laga av store steinblokkar og inngangen er nedanfrå, under den eine steinblokken. Herifrå er det tre alternativ: Anten gå

attende same vegen, halde fram heile lysløyperunden (2,5 km i alt), eller gå endå 100 m vestover mot skogsbilvegen, følgje den over Votna, og gå fylkesvegen attende til skula.

### Eivind Gudbrandsgard blir fredlaus

Ein krangel om eigedomsrett i 1719 i utmarka enda med at Eivind Gudbrandsgard knivstakk Ola Øylien så han døydde. Eivind rømde til fjells og levde som fredlaus og ettersøkt i fjella mellom Hallingdal og Indre Sogn i mange år. Han fekk hjelp av både slektningar i




Foto: Bård Sværdal




For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000


Leveld og godtfolk i Lærdal. Han bygde seg fleire krypinn og små steinbuer som vi kan sjå reistar etter, mellom anna i Eivindbotn inne i lungsdalen. I 1737 vart han funnen død i Toviken. Etter segna vart han skoten av ein lærdøl. Sjå meir informasjon i boka "Såga om Eivind Fredlaus"

 Fylkesveg 244 mot Vats til Leveld skule.

 Leveld skule.

 1 time.

 Kulturminne (Steinstugu)  
Eivind Fredlaus si steinstugu.

 Asfalt og grusveg.

